



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Vår dato:

01.11.2019

Vår ref:

2019/3652

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Nye kommunar som får utilsikta reduksjonar i inntekter som følgje av kommunesamanslåing

Både før og etter framlegging av statsbudsjettet for 2020, har nokre av kommunane som skal slå seg saman, teke opp med Fylkesmannen at dei er uroa over samla inntektsoverføring frå skatt- og rammetilskot i 2020. Vi ønskjer difor å ta denne problemstillinga opp med Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

I vurderingar for kompensasjon av utslag i inntektssystemet for nye kommunar, meiner vi det er rett å skilje mellom verknader som var kjende for kommunane då dei gjorde vedtak om samanslåing, og utilsikta verknader som først blir kjende etterpå. I vår gjennomgang av statsbudsjettet for samanslåingskommunane er det først og fremst inntektsutjamninga for skatteinntekter, utgiftsutjamninga for reiseavstand innan sone, distriktstilskot Sør-Noreg og inntektsgarantiordninga INGAR som gjev større utilsikta verknader for nye kommunar.

Tre av dei nye kommunane i Vestland vil få vesentleg reduksjon i inntektsutjamninga. Dette gjeld nye Øygarden (bereken til - 9,6 mill. kroner), Sunnfjord (bereken til - 8,9 mill. kroner) og nye Ullensvang (bereken til - 4,1 mill. kroner). Stad kommune får redusert utgiftsutjamning (- 2,3 mill. kroner) som følgje av endring i sonekriteriet ved samanslåinga. For Kinn kommune fell distriktstilskotet bort etter samanslåinga (- 6,1 mill. kroner) og Bjørnafjorden får ein større reduksjon i INGAR (- 8,9 mill. kroner) samanlikna med det Os og Fusa fekk i 2019.

I sum utgjer dei nemnde utilsikta endringane om lag 30 mill. kroner for seks av dei ni nye kommunane i Vestland, etter at det er lagt til grunn at nokre av reduksjonane utløyer auka INGAR. I tillegg er det mindre endringar, både reduksjonar og auke, som også gjeld dei andre tre kommunane som slår seg saman. Fylkesmannen er kjend med at det er forklaringar gjennom inntektssystemet for dei utilsikta endringane, men også at det er forventningar i kommunane at reduksjonane skal kompenserast gjennom skjønnsmidlar.

Kommunane Sunnfjord og Øygarden har i brev og e-post til Fylkesmannen teke opp utfordringa som kommunane får med reduksjon i inntektsutjamninga. I brevet frå Sunnfjord blir det vist til at Stortinget gjorde eit oppmodingsvedtak (nr. 929) 13. juni 2018 i samband med kommuneproposisjonen for 2019:



«Stortinget ber regjeringen sørge for at samanslårte kommuner som får tap på grunn av reduksjonen i bosettingskriteriene, eller andre utilsiktede virkninger av inntektssystemet, blir kompensert for dette».

I kommuneproposisjonen for 2020 er oppmodingsvedtaket omtalt, først og fremst for utgiftsutjamninga. Det er også omtalt at i særskilte tilfelle der ein kommune kjem uheldig ut av ein samanslåing, utover endringane i utgiftsutjamninga, må også dette vurderast i det enkelte tilfelle. Vidare står det at «*fylkesmennene vil vurdere behovet for skjønnsmidler til kommuner som slår seg sammen i sin fordeling av skjønnstilskuddet i 2020 særskilt. Kompensasjon for utilsiktede virkninger av en sammenslåing avgjøres og fastsettes av fylkesmannen, og finansieres innenfor det enkelte fylkesmannsembetes skjønnsramme.*» Dette er også teke opp att i statsbudsjettet for 2020, der det også er omtalt at det er teke omsyn til tal kommunesamslåingar ved fordeling av basisramma til fylkesmannsembeta. For Vestland er reduksjonen i basisramma frå 2019 til 2020 på 3,3 % (5,3 mill.), medan nasjonal ramme er redusert med 5 %.

Av ramma for skjønnsmidlar på 163 mill. kroner for 2020 har Fylkesmannen i Vestland halde tilbake 14,7 mill. kroner til fordeling gjennom året. Dette er midlar som kan gjevast til kommunar som får uføresette økonomiske utfordringar i løpet av året eller blir ramma av naturskade eller andre ekstraordinære hendingar.

Fylkesmannen meiner det blir vanskeleg å kompensere omtalte utilsikta verknader innanfor dei 14,7 mill. kronene som er haldne tilbake. Det vil i så fall bety monaleg reduksjon i skjønnsmidlar til andre av dei 37 kommunane som kan få uføresette utfordringar i løpet av året. På den måten kan det bli oppfatta som om det er dei andre kommunane i Vestland som må kompensere for utilsikta inntektstap for kommunane som slår seg saman. I fylke der det ikkje er mange samanslåingar, vil det ikkje bli slike utslag, og kommunane kjem difor betre ut der enn i fylke der målsetnaden frå regjeringa om mange kommunesamslåingar, er nådd.

Fylkesmannen ber Kommunal- og moderniseringsdepartementet særskilt vurdere om dette er rette måten å kompensere nye kommunar som får negative utilsikta verknader gjennom inntektssystemet.

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Brev frå Sunnfjord kommune, datert 11.06.2019.

E-post frå nye Øygarden kommune, datert 24.09.2019.



Berekningar som Fylkesmannen har gjort på utilsikta verknader etter statsbudsjettet for 2020 (tal i 1000 kr):

| kommune | nr | sør-norge tilskot | | | diff. gamal-ny kommune | tap veksttilskot etter komp. | INGAR endring | skatteinntekter innt.utmjning |
|---------------|------|-------------------|---------------|---------------|------------------------|------------------------------|---------------|-------------------------------|
| | | berekna | statsb. | endring | | | | |
| | | 2016 | 2020 | | | | | |
| Kinn | 4602 | 6 191 | 0 | -6 191 | -136 | 0 | 0 | 8 005 |
| Ullensvang | 4618 | 11 431 | 14 042 | 2 611 | 154 | -47 | 0 | 2 564 |
| Voss | 4621 | 5 445 | 0 | -5 445 | 589 | -1 | 0 | -108 |
| Bjørnafjorden | 4624 | 0 | 0 | 0 | -130 | 0 | -744 | -8 900 |
| Øygarden | 4626 | 0 | 0 | 0 | -179 | -1 | -976 | -40 |
| Alver | 4631 | 0 | 0 | 0 | -153 | -1 | -174 | -26 |
| Sogndal | 4640 | 0 | 0 | 0 | 2 033 | 143 | -75 | -2 112 |
| Sunnfjord | 4647 | 0 | 0 | 0 | -148 | 0 | 0 | -16 |
| Stad | 4649 | 5 412 | 9 698 | 4 286 | -2 270 | -35 | 0 | -33 |
| SUM | | 28 479 | 23 740 | -4 739 | -240 | 58 | -1 969 | -666 |
| | | | | | | | | -22 609 |

1) Sør-Norge tilskot i 2016-kroner er slik det vart utrekna som grunnlag for inndelingstilskotet

2) tal for sone og nabo i utgiftsutjamninga er henta fra departementets brev av 06.06.2019

3) endringar for INGAR er med grunnlag i sum INGAR for samanslåingskommunane i 2019 og ny kommune i 2020

4) reduksjonar i inntektsutjamninga er gjort for kommunar der prognosar viser at gjennomsnittleg skatteinntekter per innbyggjar går over 90 % etter samanslåinga og tilleggskompensasjonen fell bort.